

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

### VIII. Eitt-teiknsinnskrifter

[**879**] N-22767b. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 42; 1990b:[36].)

Gjenstanden med innskrift er ein stutt trepinne, tilsmidd i eine enden, 64 mm lang med største tverrsnitt 22 x 17 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FE, hovudfase 7/8. det vil seia ei arkeologisk datering av funnkonteksten til tida mellom ca. 1175 og 1275. Det er eit enkelt runeteikn ut mot enden av den eine breisida. Runa er 17 mm høg.

ƿ

**k**

Den måten gjenstanden her er smidd til på, gir inntrykk av noko uferdig eller uavslutta. Det kan med alle atterhald tenkjast å vera eit eigarmerke som ikkje er gjort ferdig og såleis vera ein parallell til eit par eigarmerke frå Bryggen i Bergen, der det òg berre er rista ein einskild **k** (N767 og 772). Forma på gjenstanden gjer likevel spørsmålet om funksjon for uvisst til at dette funnet frå Trondheim kan reknast med til korpuset av eigarmerke.